



## Studieplan 2013/2014

### SEVSPLAN Videreutdanningsstudiet Helse og omsorg i plan

Programmet er ei oppfølging av Meld. St. 16 (2010-2011) Nasjonal helse- og omsorgsplan 2011-2015, Prop. 90 L (2010-2011) Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova) og Prop. 91 L (2010-2011) Lov om kommunal helse- og omsorgstjenester (helse- og omsorgslova). Programmet er ein del av implementeringa av samhandlingsreforma, herunder ny folkehelselov og ny helse- og omsorgslov. Målet med samhandlingsreforma er å forebygge meir, behandle tidligare og samhandle betre. Eit verkemiddel er at kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn og helseforetak skal betre arbeidet med samfunnsplanlegging som verkemiddel for å skape gode samfunn som ivaretek befolkningas helse på like vilkår for alle. Opplærings- og utviklingsprogrammet skal styrke aktørane i samhandlingsreforma sin kompetanse til samhandling og langsiktig strategisk planlegging sett i eit folkehelse- og helse- og omsorgsperspektiv. Denne kompetansen skal også forankrast hos arbeidsgivarar.

Samhandlingsreforma handlar svært mykje om kommunen som arena. Studiet vil derfor løfte fram kommunen som arena for tverrfaglig og tverrsektoriell samhandling og implementering av folkehelseiltak og tenester innan helse- og omsorgssektoren. Dette skjer i nært samarbeid og i samhandling med andre forvaltningsnivå og frivillig sektor.

#### Studiestart

15.09.2013

#### Faglig innhold/læringsutbytte

Gjennom forelesingar, dialog, heimeoppgåver og praktiske øvingar skal studiet bidra til at studentane:

#### Kunnskap

- Har innsikt i relevant lov- og regelverk.
- Har avansert kunnskap om teoriar, omgrep, modellar og empiri om samfunnsutvikling, styring, planlegging, partnerskap og samhandling med relevans for folkehelse og helse- og omsorgstenester.
- Har avansert kunnskap om ulike teoriar, omgrep, modellar og empiri som er relevant for folkehelse og helse- og omsorgstenester.
- Har avansert kunnskap om helsetilstand og helseutfordringar i eit langtidsperspektiv, og ulike forhold som determinerer både individuell helse og folkehelse, herunder sosial ulikheit i helse.
- Har avansert kunnskap om planlegging på samfunns- og sektornivå som reiskap for helsefremming og sjukdomshemming, gjennom inngrep i strukturerande krefter som påverkar



helsetilstanden, og gjennom mobilisering av menneske til å ta større ansvar for eiga helse.

## Ferdigheter

- Har ferdigheter i å hente inn og presentere både primær- og sekundærdata i forhold til helsetilstanden i befolkninga og kvaliteten av tenesteytinga, og utvikle lokale indikatorar.
- Har ferdigheter i å analysere utviklingstrekk og utfordringane i eit langsiktig og breitt folkehelse- og helse- og omsorgsperspektiv, og å beskrive mulige konsekvensar av aktuelle tiltak (konsekvensutgreiingar). Sosial ulikheit i helse inngår.
- Har ferdigheter i å analysere grunnlaget for folkehelsearbeid og helse- og omsorgstenester som tverrfaglig samarbeid innan kommunen og på tvers av forvaltningsnivåa.
- Har ferdigheter i langsiktig og heilskapleg planlegging, medverking, utviklingsarbeid og innovasjon, herunder kompetanse i å planlegge og implementere aktivitetar og tenester i samhandling med andre aktørar innan folkehelsearbeidet og helse- og omsorgstenester. Her inngår samhandlingskompetanse.

## Generell kompetanse

- Har evne til kritisk vurdering av ulike data og metodar for planlegging, organisering, implementering, evaluering og læring.
- Har evne til kritisk refleksjon over rolla som planleggar, forvaltar og tenesteproducent i samhandling på tvers av fag, sektorar og forvaltningsnivå, med vekt på innovasjons- og utviklingsarbeid innan helse og omsorg.
- Har god forståing av teoriar, metodar, lovverk og styringsmekanismar innan samfunnsplanlegging og avgjerdsprosessar, med særlig vekt på kommunen som arena.

## Opptakskrav

Opptak skjer i samarbeid mellom utdanningsstedene og KS v/SEVS. Det er ikke klagerett i forhold til avslag om opptak. Ved overtallige søknader, eller for få søknader til enkelte skoler, kan søkere som tas opp bli henvist til en av de andre skolene som arrangerer kurset.

### *Spesielle opptakskrav:*

- relevant bachelorutdanning eller tilsvarende 3 årig høgskoleutdanning. Deltakere som ikke har relevant utdanning tilsvarende opptakskravet kan tas opp som kursdeltaker, og få utstedt kursbevis etter gjennomføringen.

### *Generelle opptakskrav:*

- geografisk spredning i forhold til deltakere
- sikre deltakelse fra målgruppene kommuner, fylkeskommuner, helseforetak og fylkesmenn SEVS
- arbeidsgiver skal ha gitt sin skriftlige anbefaling for søkers deltakelse (sendes inn sammen med dokumentasjon på utdanning og praksis)
- søker må inneha eller tenkt inn i en funksjon hvor planleggingskompetanse med særlig vekt på folkehelse- og helseaspekter er viktig
- samarbeide mellom deltakere omkring «arbeidskrav» og «prosjektoppgaver»



Vurdering av søkere gjøres sammen med KS.

## Undervisnings- og læringsmetode

Undervisninga er lagt opp med ein kombinasjon av forelesingar, dialog, gruppearbeid, presentasjon og drøfting i plenum m.m. Den pedagogiske tilnærminga tar utgangspunkt i studentanes forforståing og arbeidsoppgåver, og har som mål å styrke handlingskapasiteten deira til å omsette kunnskap i handling. Det er lagt vekt på praktiske øvingar med utgangspunkt i deltakarane sine praksisfelt. Det blir forventa at deltakarane driv sjølvstudium mellom samlingane og at dei leverer heimeoppgåver for kommentering. Deltakarane får tilgang til ei eiga elektronisk nettbasert læringsplattform, som både fungerer som plattform for samhandling, dokumentasjon av studiet og oppgåveinnlevering.

Studentane skal utarbeide ei prosjektoppgåve med utgangspunkt i ei utviklingsoppgåve relevant for eige arbeidsfelt. Det er rettleiing knytt til prosjektoppgåva. Prosjektoppgåva bør skrivast i grupper samansett av folk frå både planleggingssida, ulike sektorar og forvaltningsnivå. Gruppene er på 2-4 personar. Presentasjon og drøfting av desse prosjektoppgåvene vil bli trekt inn i undervisninga på alle samlingane. Sjå meir om prosjektoppgåva i eige rettleiingsdokument.

Undervisninga er organisert i 4 samlingar på 3-4 dagar med til saman 15 dagar.

### Samling 1: Overordna perspektiv

Forut for første samling skal studentane identifisere ei utfordring som dei opplever som relevant for vidare arbeid som prosjektoppgåve. På denne samlinga blir det lagt vekt på at studentane blir kjent med kvarandre og at dei får formidla og kommentert sine utfordringar og forventingar. Dette skal bidra til å avgrense prosjektoppgåver og utvikle prosjektgrupper. Vidare blir det lagt vekt på ei innføring i emnet og på å introdusere viktige perspektiv, omgrep og verdigrunlaget for folkehelsearbeid og helse- og omsorgstenester, og hovudmåla knytt til samhandlingsreforma. Dette vil bli utdjupa på seinare samlingar.

### Samling 2: Lov, plan og helse

På denne samlinga går vi nærare inn på utvalde delar av sentrale lover, regelverk og politiske og faglige føringar. Herunder folkehelselova, helse- og omsorgstenestelova og helseforetakslova, med tilhøyrande retningslinjer og rettleiarar. Når det gjeld plan- og bygningslova, vil det bli lagt vekt på plansystemet si oppbygging og funksjon som styringsreiskap. Samhandlingsreformas forventningar blir vektlagt og krava til nye roller for kommunane som samfunnsaktør og samarbeidsarena, herunder større satsing på forebyggjande og helsefremmende arbeid for å skape gode levekår og avlaste helsetenestene. Vidare blir det lagt vekt på langsiktige helse- og velferdsutfordringar, og forståing, fortolking og framstilling av data om desse. På denne samlinga blir det rettleia på prosjektoppgåvene, problemstillinga er godkjent og gruppearbeidet er i gang.

### Samling 3: Alle skal med. Planlegging som reiskap for samordning, samhandling og samforståing

Her går vi nærare inn på rasjonalitetsformer i planlegginga, om synet på makt, aktørar og strukturar og ulike teoretiske retningar, om samfunnsstyring, reformer i offentleg sektor, nettverksorganisasjonar, samfunns- og sektorplanlegging, samt samhandlingsutfordringar. Studentane skal også få prøve seg på



ulike metode- og prosessverktøy som blir brukt i plan- og utviklingsarbeid, med særlig vekt på medverking. Prosjektgruppene presenterer sine arbeider, og blir rettleia både av medstudentar og faglig tilsette.

## **Samling 4: Innovasjon og utviklingsarbeid. Frå kunnskap til handling i folkehelse- og helse- og omsorgsarbeid**

På denne samlinga viser vi korleis planlegging i praksis og på utvalde område kan knyte eksisterande kunnskap til handling for å fremme innovasjon, samhandling, beste effektive omsorgsnivå, folkehelse og tenesteproduksjon. Samlinga blir avslutta med presentasjon og kommentering av studentane sine prosjektoppgåver frå medstudentar og faglærarar. Informasjon om eksamen blir gitt.

## **Eksamen**

Arbeidskravet må være godkjente før studenten kan framstille seg til eksamen. Det er eit arbeidskrav at studenten har deltatt aktivt i utarbeiding og presentasjon av ei prosjektoppgåve. Alle samlingane er øvingsbaserte, der kommunikasjon mellom deltakarane for å løyse egne og andre sine utfordringar står sentralt.

Eksamen består av to eksamensdelar, ei prosjektoppgåve og ein heimeeksamen:

1. Prosjektoppgåva skal koplast mot utfordringar og utvikling som er relevant for eige arbeidsfelt. Det skal gjerast greie for problemstilling, teorigrunnlag, metode, resultata som er nådd og dei tiltaka som kan utleiast av desse. Omfanget av prosjektoppgåva er ca. 20 sider (inntil 8000 ord) når ein student skriv åleine eller to skriv saman, og ca. 30 sider (inntil 12000 ord) når fleire enn to skriv saman. Faglærarane gjev rettleiing på prosjektoppgåva.

2. Heimeeksamen: Oppgåveteksten skal besvarast individuelt i løpet av 2 dagar, frå kl 0900 til 1400 dag to. Denne skal skrivast utan rettleiing og den skal teste studentane sine evner til å bruke kompetansen som er utvikla gjennom undervisning og pensum i ein intensiv arbeidssituasjon. Omfanget av heimeeksamenen er ca. 3000 ord.

Avsluttande vurdering i emnet skjer på grunnlag av dei to eksamensdelane, prosjektoppgåva og heimeeksamenen. Det blir gitt en samla karakter der prosjektoppgåva tel 40 prosent og heimeeksamenen 60 prosent.

Det blir gitt bokstavkarakter. Skalaen går frå A til F der A er best, og E er lavaste ståkarakter.

## **Kontaktinformasjon**

Fagansvar: [Ulla høgdem](#)

Adm. ansvar: [Line Kristiansen](#)



## **Studiekostnader**

Se eget avsnitt.

## **Heltid/ deltid**

Deltid

## **Studielengde**

Ett år på deltid

## **Grad/ kompetanse**

Videreutdanning

## **Opptak**

Kurssøknad

## **Kull**

2013/2014

## **Godkjenningsorgan**

Studienemnda

## **Godkjenningsdato**

19.03.2012



**Høgskolen  
i Lillehammer**

Lillehammer University College • hil.no

## **Emneoversikt**